



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Rundskriv

Alle departementa
Statsministerens kontor

Nr.	Vår ref	Dato
R-7/2011	11/3794 SOG/GFE	12.09.2011

Statsbudsjettet 2011. Tilleggsøyvingar i haustsesjonen - nysaldering

Finansdepartementet skal leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2011. Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2011 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld også saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet, kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere naudsynt å sette ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 18. oktober 2011. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1000 kroner:

- Rekneskap 2010
- Saldert budsjett 2011 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag 2011

I Hovudbudsjettskrivet for 2012 blei departementa bedne om å sende inn overslag for tilleggsøyvingar i 2. halvår 2011 innan 3. august 2011. For at forslaga skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at Regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike proposisjonar er 18. november 2011.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2011 vil etter planen blir fremja i statsråd 2. desember 2011.

Med helsing

Espen Aasen e.f.
avdelingsdirektør

Stig Ove Gravidal
seniorrådgjevar